

# BOKN BYGDABLAÐ




Nr 8 - Oktober 2001 - Årg. 16



Gulljente - s. 5



Julegåver - s. 9



Svingane - s. 10



Bokn  
kommune

Kusymre  
kommuneblom i Bokn





# RDFØRAREN RDET

Hei!

## Vegnamn

Kommunestyret har nå vedtatt namn på alle vegar, både kommunale og fylkeskommunale. Besøkande, post, utrykningspersonell og andre vil nå lettare finne fram på Bokn. Skilt er bestilt og skal etter planen settast opp i haust.

## Folke- og boligtelling

Statistisk sentralbyrå vil i år foreta ei folke- og boligtelling 3/11. Dette vil bli den siste kor me skal fylle ut skjema, og vil derfor bli meir omfattende enn før.

Boligadresseprosjektet vil føre til at alle boligar får si eiga adresse og alle personar skal då knyttast opp mot ein bolig. Dette blir register i GAB registeret ( grunneigedom, adresser og bygningar ) og Statens kartverk.

Folketellinga har som hensikt å gi et statistisk bilde av Norge 3/11, men også dekke nokre hull i basisregistrene. Oppfølging vil skje med meldingar til folkeregistret.

Med bakgrunn i strenge sikkerhetsrutiner skal det ikkje vere fare for brudd på personvernet.

Resultatet på tellingen er venta sommaren 2002.

## Utbyggingsprosjekt

Som nemnt tidligare har kommunen fleire utbyggingsprosjekt på gang. Kloakk-anlegget i Alvestadkroken blir berekna å starta opp 1/11 og vil foregå i ein månad, slik at Hans Alvestad endelig får tilknytting til det nye huset sitt. Så blir der ein pause til etter nyttår, slik at Alvestadkroken Landhandel blir minst mulig skadelidande i julehandelen. Anlegget blir ferdigstilt i februar 2002.

Vannledningen til Våga har planlagt oppstart 1/12 og er venta ferdig i mars 2002. Utfylling av molo i Hålandsjøen vil

sannsynlegvis starte opp 12/11 og bli ferdig i april 2002.

Då er arbeidet med å få til ein etterlengta småbåthavn i samarbeid med båtforeningen endeleg i gang.

## Barnehagesatsane

Bokn kommunestyre har vedtatt å nyutta ekstramidlar frå staten til å auka syskenmoderasjonen til 50% og redusera foreldrebetalingen med 150,- kroner for ein fulltids-plass i barnehagen.

Dette gjer Bokn barnehage til ein rimlig barnehage, og me håpar at det gjer det endå bedre for barnefamiliar å bu på Bokn.

## TV-aksjonen

Rogaland har i fleire år vore i landstoppen når det gjeld innsamling til denne aksjonen, og Bokn ligg igjen i toppen blant kommunane i fylket. I år blei me den tredje beste kommunen med kr. 41.790,- Det tilsvarte kr. 52,77 pr. innbyggjar. Eit flott resultat. Bokn formannskap løyvde kr. 6.000,- til aksjonen. Utsira tok ( sjølv sagt ) første plassen, medan Forsand blei nr. to.



Kommunekomiteen bestod av kulturseksjonen, kyrkjevergen og underteikna. Det var Bokn sokneråd som gjekk med bøs-sene, og eg vil retta ein stor takk til dei.

Svein Ove


# Frisk fisk, blåskjell og krabbe i Boknasundet

Reidar Alvestad

## EU-prosjekt

22 forskarar frå England, Tyskland, Litauen, Sverige, Danmark og Norge var den 19.september i gong med å ta full helsesjekk på blåskjell, krabbe og fisk fanga i og omkring Boknasundet. Undersøkinga foregjekk i og utanfor Sjøhuset i Alvestadkroken.

Som ein del av eit 4-årig EU-forskningsprosjekt er 32 ulike laboratorier i Europa med på å undersøka helsetilstanden på fisk, krabbe og blåskjell i Middelhavsområdet, i Austersjø/Baltikum-området og i Nord-Atlanteren. Boknasundet er ein av stadene her i landet som blir undersøkt i det Nord-Atlantiske området. Det er Rogalandsforskning som har ansvaret for det som skal gjera i det Nord-Atlantiske området, og Bygdabladet fekk ein prat med forskar Anne Bjørnestad frå denne forskningsinstitusjonen. Ho er forskar på øko-toksogologi, dvs om effekten av miljøgifter. I dette prosjektet finn ein ved hjelp av helsesjekken på maritime arter, om miljøgifter har påverka livet i



Forskar Anne Bjørnestad undersøker eit blåskjell.

sjøen på dei nemnde maritime artene.

## Rogalandsforskning ansvarleg

Når det gjeld dei områda som skal undersøkast i det Nord-Atlantiske området, er det faktisk Rogalandsforskning som er hovudansvarleg. Saman med Anne Bjørnestad er det Odd Kjetil Andersen og Bodil Larsen som leier prosjektet for Nord-Atlanteren. Etter Bokn skal forskarane både til Karmsundet og Veavågen/Visnes. Dei skal også ta prøver i Førdesfjorden.

## Skikkeleg helsesjekk

Forskarane sine oppgåver er m.a. å sjå etter skader på immunforsvaret, utvikling av kreft eller kva som kan føra til kreft, gen-skader/skader på arveanlegga. Vidare undersøker dei om det er hormonforstyrring, dei undersøker puls, appetitt, interessa for det motsette kjønn/forplantingsevne og enzymer. Dei måler avgifts-enzymer, altså kva evne dei maritime arte ne har til å kvitta seg med gift som dei måtte ha fått i seg.

## Undersøkingar og prøvar


Måten forskarane kan gjera alle desse undersøkingane på, er m.a. ved å ta blodprøvar, urinprøvar, leverprøvar og undersøka gjellene. Dei undersøker også kva dei maritime artene har fått i seg. Etter kvart finn dei også ut kva metodar som er best, og kva skader miljøgiftene gjer.

Forskningsprosjektet starta i år, og skal altså gjen-



Forskarar frå mange land leitar opp fisk, blåskjell og krabbe som på førehand er fanga og midlertidig er plassert i akvariet på kaien i Alvestadkroken.

nomførast i løpet av dette året pluss 3 nye år. Forskar Anne Bjørnestad seier at ho håpar det er god helsetilstand i det maritime miljøet her i Boknasun-



Ein forskar frå eit engelsk universitet skal ta prøvar av urin og andre kroppsvæsker til denne krabben.

det, men at ein ikkje kan vera heilt sikker. Dei kjenner ikkje til at det skal vera nokon konsentrasjon av miljøgifter her.

Heile forskningsprosjektet har ei kostnadsramme på 60 millionar kroner. Prosjekteiinga for heile prosjektet ligg i Bourdeaux i Frankrike.

# Dagsenteret på Bokn

Av aktivitetsleiar Julianne Nilssen

**S**om mange sikkert veit, har kommunen starta dagsenter. Dette er eit tilbod til alle boknarar over 70 år.

**M**e held til på Allrommet og har treff kvar onsdag kl. 10.00 - 14.00.



Foto: JH

Dagsenteret 17. oktober: Solfrid og Berge Søvik fortalte om "skumringstimen".

Rundt bordene fv. Marie Dirdal, Helga Sunde, Kjell Kro, Else Nilssen, Leonora Alvestad, Otelia Aksdal, Olaug Hognaland, Margit Søndeland, Lovisa Svendsen, Solveig Søndeland og Målfrid Kro Trosvåg.

Marta Sæbø, Margit Kro og Olga H. Alvestad kom ikkje med på bildet. Det gjorde heller ikke Julianne Nilssen og kjøkkenassistent Inger Alvestad.

Bertha Våge var ikkje til stades då bildet blei tatt.

**D**ei som treng skyss blir henta på døra, så her er ingen grunn til å ikkje komma.  
Det er blitt ein fin gjeng, 10 - 12 stk. stiller trufast opp. Drøs og kaffi høyrer med, og dei som vil har fått handarbeid her, slik at me kan ha basar seinare ein gong.

**F**ast program er song, trim og servering av middag og kaffi. Biblioteket er ope for dagsenteret kvar gong, slik at brukarane kan få tips av Linda til

kva dei kan låne, feks. lydbøker.

**M**e spelar bingo av og til, og ein gong i månaden får me besøk av barnehageborn som syng med oss.

Av og til har me andre gjester, som spelar, syng eller fortell. Det er alltid populært, så hvis det er nokon som har lyst til å komma og bidra med

noko, så set me pris på det. Ta då kontakt med meg.

**T**il slutt vil eg ynskja nye brukarar velkomne. Kom berre innom på føremiddagen så ser du korleis me har det.

**R**ing og meld deg på hvis du vil kjøpa middag, eller om du treng drosje.

**D**u er velkommen til å komma kvar onsdag eller av og til om det passar betre.

**D**agsenteret er for alle. Mannfolk blir med dette spesielt inviterte. Saman finn me heilt sikkert på

noko å gjera.

**R**ing for påmelding ( innan mandag ), eller hvis det er noko du lurer på til

Julianne tlf. 52 75 25 36 mandag 8.30 - 10.00  
tlf. 52 74 83 09 kveld etter kl. 20.00

**P**rogram for hausten kan du få hjå meg.



# Meir gull til BORK



Måndag 15. oktober var det på ny festivitas i "klubbhuset" til BORK på Ognøy. For BORK – den største foreininga i Bokn – er ikkje bare sterkt i kvantitet. Her er også kvalitet i massevis. I dette miljøet kan dei hest. Og det ikkje bare i ei grein, men i fleire: galopp, distanseritt og nå sprangridning. I galopp har BORK-medlemmar vunne nordiske konkurransar og eit par andre plassar frå Øvrevoll. I distanseritt har klubben årets noregsmeister, bronse i nordisk meisterskap og attått to mann på seniorlandslaget og leiaren i sørvestcup er også boknar og BORK-medlem. Også innan oppdrett har klubben hevd seg godt. Det er beint fram utruleg at klubben ikkje er meir enn nett fem sommarar gammal – dei hadde jubileum 16. oktober.



Gulljenta Linda Madsen sprettar gullkaka, som bar teksten "Linda - Resqudar - 1. plass".

Og nå kom altså Linda Madsen Lode heim med dei gjævaste trofea i sprangridning. Etter først å ha kvalifisert seg i Drammen, gjekk ho vidare til finalen i Oslo Spectrum i innandørsfinalen i "Norsk breeders trophy" – ein sprangkonkurranse for norskavla varmblods hestar. Og jammen gjekk ho ikkje hen og vann heile konkurransen! Og som det ikkje var nok, under same arrangementet – "Oslo Horse Show" – fekk ho premien for landets beste norskavla 5-åringshest.

Difor var det stor festivitas med kaker, brus og kaffi for å feira Linda og hesten hennar, Resqudar. Linda sjølv viser til to viktige årsaker til suksessen. For det første er Resqudar ein framifrå hest. Ho var sjølv "jordmor" for han då han kom til verda for fem år sidan – og sidan har dei to fylgds. Linda har eigenhendig trent han opp til å bli Noregs beste femåring. Mor hans var elles Riviera, ein annan konkurransehest Linda hadde gode røynsler med.

Den andre viktige suksessen er den flotte oppbackinga frå BORK-miljøet, fortel Linda.

Miljøet her er svært motiverande, det er ein kjempegjeng som også heia henne fram i Oslo Spectrum. Men så har ikkje minst Linda sjølv bidrige positivt til dette miljøet - der ho mellom anna er trenar.



Det vanka sjølv-sagt også blomar til noregsmeisteren.

Og BORK seglar vidare i medvind.....!

Birger Lindanger



## Petra fritidsklubb informerer



Ann Kristin Grønnestad

### Vasking og rydding

Petra har hatt en dårlig start denne høsten, klubben har vært stengt i tre uker. Historien gjentar seg, gang på gang; før sommerferien er alle styremedlemmene lei av å vaske på Petra, og det blir en del unnasluntring. Når høsten kommer, tar det tid før styret kommer i gjenge, mye på grunn av utskiftninger i styret, og plutselig så ser lokalene helt bomba ut.

Selvfølgelig er det vi som har gjort for dårlig jobb når det gjelder vasking og rydding, det skal vi ærlig innrøm-

me. Men jeg har lenge ment at det burde vært profesjonell vasking av klubbens lokaler. Jeg vet at mange av dere tenker at ungdommene har godt av å måtte ta ansvar, og ordne opp etter seg. Jeg kunne ikke være mer enig. Men... uansett hvordan vi snur og vender på det: Vasking av Petra har alltid vært et problem.

Opp i gjennom årene har vi prøvd flere metoder for å få lokalene rene og pene; alle brukerne av klubben har stått på vaskeliste, med det resultat at de som stod oppført for det meste ikke dukket opp de gangene de

skulle vaske.

Vi har også forsøkt med å ha et par ungdommer som har vasket Petra for betaling, og dette kostet klubben så mye penger at vi så oss nødt til å slutte med det.

Sånn som det fungerer nå, er det styret gang etter gang, som vasker. Er det rart at de blir lei?!! I samtaler med styret har vi blitt enig om en litt ny strategi, for at arbeidet skal bli litt lettere for oss. Her kommer derfor en del "regler" som egentlig burde være unødvendige å si:

**Alle tomflasker skal herved leveres i vaktluka.**

**Det er ikke lov å strø om seg med søppel, popcorn, tyggis eller lignende.**

**Det skal kostes og ryddes etter hver klubbkveld, mens vaskingen skal foregå en av de neste dagene. Det er veldig viktig at vaktene gir ungdommene tid til dette. Vi forstår at dere gjerne vil hjem, men vi trenger deres hjelp til å få klubben til å fungere.**

Det er viktig at alle er med og hjelper til, og til slutt vil jeg si at overtredelser vil straffes med utesettenging fra Petra i tre uker.

#### **Andre etasje**

Lokalene i andre etasje begynner å bli klare til bruk. Vi mangler en disk til kjøkkenet, som nå skal ha funksjon som vaktrom. Biljardbordet er demontert, og må flyttes ned. Deretter må det selvfølgelig monteres igjen. Det ser ut som om det kan bli litt av et puslespill, så vi får håpe at vi klarer det.

## Marit Alvestad disputerte i Göteborg fredag 12. oktober

Førstelektor Marit Alvestad (44), Avdeling for lærerutdanning, Høgskolen i Stavanger, er den første ved forskolelærarutdanninga som disputerer for doktorgrad.

Hun forsvarer doktorgradsavhandlinga i pedagogikk "Den komplekse planlegginga. Førskolelærarar om pedagogisk planlegging og praksis" ved Göteborgs universitet, Institutionen för pedagogik och didaktikk, fredag 12. oktober.

Avhandlinga består av fire vitskapleg publiserte artiklar og ei teoretisk overbygging. Hovudmålet er å undersøke, vidareutvikle og konstruere ny barnehagedidaktisk kunnskap med bakgrunn i oppfatningane hos ei gruppe førskolelærarar av sentrale sider ved pedagogisk planlegging og praksis innanfor rammene av ein nasjonal plan. Hovudproblemstillinga for avhandlinga er: Kva for ulike aspekt stig fram som sentrale i dei oppfatningane ei gruppe førskolelærarar har når det gjeld sider ved eige planarbeid og eigen praksis, gitt ein nasjonal plan?

Sentrale spørsmål er kva for skilnader og likskapar det er mellom den norske og den svenske nasjonale planen på område som verdigrunnlag, innhald og syn på læring. Kva oppfatningar har ei gruppe norske førskolelærarar av verdien av rammeplanen, og kva innverknad har den sett i relasjon til lokal planlegging og praksis i barnehagen? Kva oppfatningar har dei av læring som omgrep i planlegginga og praktisk arbeid med barn i barne-



hage?

Resultata viser at dei to planane er ulike både når det gjeld utforming, verdigrunnlag og læringssyn. Den svenska Läroplan för förskolan bygger på ein humanistisk og demokratisk basis, forankra i eit liberalt perspektiv. Den norske Rammeplan for barnehagen bygger på ein humanistisk kristen verdigrunn, og har si forankring i eit konservativt kulturelt grunnlag. I den svenska planen er læring eit sentralt omgrep. Den norske planen fokuserer på utvikling og overføring av tradisjonelle kulturelle verdiar. Den svenska nasjonale planen gir førskolelærarane større rom for profesjonsutvikling og autonomi.

Avhandlinga omhandler vidare ei rekke ulike sider ved den lokale planlegginga sett frå førskolelærarane sin ståstad. Rammeplanen er av førskolelærarane i første rekke sett som ei legitimering av barnehagen som institusjon, og av førskolelærararyket som profesjon. Dette er eit paradoks sett i forhold til det rammeplanen rommar. For å klargjere det barnehage-didaktiske arbeidet er det sentralt å arbeide vidare med ei tydeleggjering av kva samfunnet vil med den norske barnehagen.

Marit Alvestad har vore tilsett ved førskolelærarutdanninga på Stavanger Lærarhøgskule/Høgskolen i Stavanger sidan 1991. Hun blei førstelektor ved Høgskolen i Stavanger hausten 1996. Alvestad har hovudfag i barnehagepedagogikk 1985-87, første avdeling i spesialpedagogikk (1984-85) og førskolelærarutdanning frå 1978-81. Artikkelen er henta frå HIS-Nytt, publisert av Egil Rugland den 10.10.01.

Marit Alvestad er eldste dotter til Bjørg og Ottar Alvestad, og er oppvachsen i Bokn.



# Barnevernet informerer - del 2

Reidar Alvestad



**Sosialseksjonen går vidare med å informera om barneverntenesta.**

**Ein finn av og til nokså negative og dramatiske framstillingar av barnevernet i media. Ein kan lesa om barneverntenesta som om det oftast er ein fiende som motarbeider gode familiar. Men det hender også at tenesta blir framstilt som ein hjelpar for barn som blir mishandla og vanskjøtta.**

**For å gi eit bilet av kva tenester barneverntenesta kan tilby, og korleis det blir arbeidd, ynskjer me å gå ut med nyansert og informativ opplysning om tenesta.**

## Meldingar til barneverntenesta

Når nokon vender seg til barneverntenesta om at dei er bekymra for eit barn, reknast det som meldingar. Meldingar skal behandalst og vurderast innan ei veke.

Nokre foreldre tar sjølv kontakt med barneverntenesta for å få råd og rettleiing eller direkte hjelp i ein vanskeleg situasjon. Barnet sjølv, familienettverket eller andre kjende av familien, kan også ta kontakt. Vanlege melderar frå offentlege instansar kan t.d. vera politi, skule, barnehage eller helsestasjon. Meldingar kan leggjast bort, eller undersøkjast nærmere gjennom at det vert sett i gong ei barnevernundersøking.

## Barnevernundersøking

Ei barnevernundersøking er ei nærmere kartlegging av korleis barnet eller ungdommen har det, og ei avklaring om, og ev. kva for hjelpetiltak som kan vera føremålstøyleg å setja i verk. Undersøkinga skal ikkje gjerrast meir omfattande enn nødvendig. Som hovudregel skal undersøkinga gjerast ferdig innan 3 mnd. Undersøkinga skjer gjennom samtalar med barn og familie, heimebesøk i familien, observasjon av barn og familie, og ved at barneverntenesta hentar inn informasjon frå instansar som kjenner barnet/ungdommen.

## Anonymitet eller ikkje

Privatpersonar kan vera anonyme dersom dei melder ei bekymring til barnevernet. Sjølv om meldar er anonym, har barnevernet plikt til å undersøkja saka på vanleg måte.

Offentlege styresmakter og tenestefolk kan ikkje kreva anonymitet når dei melder bekymring for eit barn.

Personar og institusjonar med yrkesmessig teieplikt (t.d. legar, psykologar, sjukepleiarar, jordmødre, fysioterapeutar og liknande), har plikt til å melda frå frå til barneverntenesta når det er begrunna mistanke om alvorleg omsorgsvikt og/eller store åfferdsproblem.

## Når skal barnevernet gripa inn?

Barnevernet har plikt til å gripa inn:

- ◆ når barnet pga tilhøva i heimen eller av andre grunnar har særleg trøng for hjelpetiltak.
- ◆ når det er alvorlege manglar ved den daglege omsorga som barnet får, eller ved den personlege kontakt og tryggleik som det treng i høve til

alder og utvikling.

- ◆ når foreldra ikkje syter for at eit sjukt, funksjonshemma eller spesielt hjelptrengande barn får dekka sin sørlege trøng for behandling og opplæring.
- ◆ når barnet blir mishandla eller utsett for andre alvorlege overgrep i heimen.
- ◆ når det er mest sannsynleg at barnet si helse eller utvikling kan bli alvorleg skada fordi foreldra er ute av stand til å ta tilstrekkeleg ansvar for barnet.
- ◆ når barnet har alvorlege aferdsvanskar.
- ◆ ved alvorleg eller oppatt-takande kriminalitet.
- ◆ ved vedvarande misbruk av rusmidlar.

Dersom barnevernet blir kjend med slike tilhøve, har det straks plikt til å gjera nærmere undersøkingar.

## Barnet sitt beste

Eit overordna prinsipp for barnevernet sitt arbeid, er at tiltak som blir sett i verk skal vera til barnet sitt beste.

Dersom barnet og foreldra har motstridande interesser, er det difor omsynet til barnet som er det avgjerande. Barnevernet skal likevel alltid prøva å få foreldra til å samarbeida om dei tiltaka som blir planlagde.

## Førebyggjande hjelpetiltak

Som regel er det best for barnet å veksa opp i sin eigen heim. Barneverntenesta skal difor alltid først vurdera om det er muleg å hjelpe familien til å fungera betre ved hjelpetiltak i heimen..

Dersom familien ikkje vil samarbeida, kan tiltak som barnehageplass og tilsyn i heimen t.d. setjast i verk ved pålegg gjennom vedtak i Fylkesnemnda for sosiale saker i Rogaland.

Hjelpetiltak kan vera:

- ◆ Råd og rettleiing til familien, td ved oppnemning av tilsnsførar.
- ◆ Økonomisk støtte til barnet slik at det kan ta del i fritidsaktivitetar og liknande.
- ◆ Avlastning ved å gi heimehjelp eller plass i barnehage, skulefritidsordning eller liknande.
- ◆ Støttekontakt.

Framhald i neste nr.




# SERIE NYTT I BOKN!

Bokn Bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!

Jardar Havikbotn

## Konsulent i IKT ( Informasjons- og kommunikasjonsteknologi )

**Han er 30 år 7. november! I 1984 sat han heime på Solvang i Haugesund og eksperimenterte på data-maskinen sin, ein Commodore 64. I dag jobbar Øyvind Børgesen i datafirmaet 2D i Haugesund, og er med det IKT-konsulent i Bokn kommune.**



Ein kan trygt seia at Øyvind har vore med på dataevenyret heilt frå byrjinga, noko som er temmeleg lett å oppdaga. Den totale oversikta, forståinga, tempoet og tileigning av ny lærdom han viser mens han arbeider med ein PC er resultatet av 17 års ekteskap med EDB. Det er også sjølv sagt at han har full oversikt under dekselet, noko som ikkje berre kjem av rein eksperimentering. Han har nemleg utdanning i faga maskin- og mekanikar, automatiseringmekanikar og bilmekanikar.

Seinare har han gått på Næringsakademiet i Haugesund. Det vil seia at han byrja der for å få seg papirer på datakunnskapen sin. Han fann fort ut at å gå opp til eksamen som privatist var det rette for han. Øyvind er faktisk blant dei som alltid har kunna meir enn læraren i faget, og då er det meiningslaust å bruka mange pengar på eit slikt studium.

- Det går'kje an å lera forståelse, hevdar han.

Tidlegare i haust tok han t.d. alle sju modulane til Data-kortet på same dag, utan forbereiing. Månaden etterpå fekk han tittelen MCP ( Microsoft Certified professional ) etter ein annan eksamen.



Datafag er så mykje i dag, men Øyvind har ikkje noko særskilt spesialfelt. Kommunen er heldig som har knytta til seg denne allsidige mannen.


### Musikalsk

Den snart 30 år gamle haugesundaren har også budd i

Bokn før, i 1994/95, i eit hus på Dagsland. Der kunne han øva uforstyrra så mykje han ville på slagverket sitt. På den tida spela han i fleire band i byen. Det er heller kanskje ikkje overraskande at ein praktikar som Øyvind spelar mange musikkinstrument. I Solvang skolekorps og i musikkskoleorkesteret i Haugesund trakterte han både trompet, trombone og baryton. I Bokn byrja han på tuba, noko han også spelar i dag. Faren spela i danseband i 30 år, i "Aage Hallelands orkester". Sonen var med på spelejobbar, på rigginga, og slagverket fekk aldri stå i fred. Slik byrjar historia om ein sjølvlært trommeslagar, som i dag underviser slagverkarane i Bokn musikkorps' juniorkorps.

### Byggdedraum

Øyvind slo trommer på bygdarevyen "Sålsen blei det" i 1995. Då var han også tilsett i eit ungdomsprosjekt, med stikkorda musikk, motor og data, i Bokn kommune. Samstundes var han dataansvarleg på skulen. Motoprosjektet dreide seg stort sett om trail, og han gler



Mykje datakunnskap samla rundt bordet: Øyvind er med på eit styremøte i dataklubben LANUX. Fv. Øyvind, Sindre Nygaard, Vegar Våge og Rene Alvestad. Lars Martin Hosaas var ikkje til stades på møtet.

seg over at det i dag har utvikla seg til den populære "Pluggen Motorklubb". Øyvind stod også for div. musikkurs på Petra fritidsklubb. No blir han sannsynlegvis medhjelpar i tilrettelegginga av internett-kaféen i Kyrkjebygda kultur- og aktivitetshus, og data-klubben "Lanux" har også dratt nytte av kunnskapen og samarbeidsvilja til Øyvind. La oss håpe at han no slår seg ned for godt i Bokn. Og han innrømmer også at han har en draum om å bygga seg hus på Dagsland eingong.....


## Bredbånd

Den observante leser merka seg kanskje ein annonse på den eine midtsida i forrige utgåve av Bygdabladet, om dette raske linjenettet. Fleire i kommunen har ytra ønske om å få bredbånd til Bokn, og interesserte har allerede meldt si interesse til 2D. Bredbåndssystemet går som sagt svært fort, og det er alltid disponibelt. Man betaler ikkje tellarskritt, men ein fast månadspolis. Det kostar leverandøren nokre hundretusen å oppgradera sentralen i Bokn for dette ADSL-systemet, og dei må ha ei viss dekning for å gjera dette. Derfor er ei ev. bredbånd-establering i Bokn avhengig av interesserte innbyggjarar. Øyvind presiserer at dersom folk lurer på om dette er noko for dei, i framtida, eller akkurat no, må dei ikkje nøla med å melda seg. Eit uklart antal kan vera nok til at det blir ein realitet. Fleire leserar har sikkert hørt om såkalla bredbåndskommunar, og alt det positive det fører med seg. Skal også Bokn bli ein slik?

## Digitalt studio

I stova til Øyvind, i Bokn Handelslag-bygget, står eit slagverk, ein tuba, ein trompet, fleire gitarar ( både akustiske og elektriske ), congastrømmer, mixepult, digital harddiskrecorder, div. mikrofonar og kablar. Sonen til Øyvind, Stein Jomar ( 5 ), frå eit tidlegare sambuarskap, lettar ikkje eingong på augebryna når han er der. Dette er han vant med frå han blei fødd. Rett nok er ein del av utstyret frå kommunen sitt lydanlegg. Her har Øyvind og underteikna allerede gjort ein del opptak samt digital remixing av tidlegare innspela materiale, t. d. NRK-opptaka med Jan Spurkeland, som tidlegare nemnt i Bygdabladet. Denne CD'en kjem, men så lenge dette er fritidsbasert tar det si tid. Med nyinnkjøpt digital harddiskrecorder er muleghetene mange, og me

har allerede levert playback CD'ar til bruk i skulen. "Øya Recording", som me kallar oss, har også tatt opp tråden etter Hanne Krogh, om å festa tusenårssongane til CD. Lokalhistoriske opptak kan også produserast, m. a. Bokn Brass' første bygdarevy "Med Solreiser til Palma Mancos" vil også koma på CD. I tillegg til kulturseksjonen vil også skule og barnehage kunna ha mykje glede av dei digitale muleghetene etterkvart. Kanskje blir det nye auditoriet i skulebygget eit framtidig studio-locale?



Spurkeland-songane blir overførte frå den digitale mixaren til PC'en, for å behandla musikkmaterialet vidare før brenning av CD.

Bestill nå for å få  
dei til jul!

## Flotte julegåver!

Jardar havikbotn

Finsmed Jon Rysstad har all grunn til å vera stolt av kopiane av Boknaspennå, denne gullspenna som blei funne på Nerabø i 1923, og som stammar frå Vikingtida ( 900-950 e. Kr. )


Originalen ved Arkeologisk museum i Stavanger er 7,6 cm i diameter, og det er også kopiane. Enkelte synest dette er litt i største laget, men det gjekk ikkje an å få dei mindre.

Det var også glassteinar i originalen. Dette er erstatta med ekstra sterke emaljelakk i kopiane. Å setta i glassteinar her ville fordyra spennene nokså mykje.

Alle fire utgåvene, rødbronse, forgylt, oksydert og kvitt sølv kan ein kjøpa som nål eller smykke. Prisen på nålene er kr. 900,- for bronsen og kr. 1.100,- for sølv.

Vil du ha med kjede kostar desse kr. 150,- i bronse og. kr. 300,- i sølv. Slik at som smykke vil det kosta kr. 1.150,- for bronse og kr. 1.400,- for sølv. Festene for sølvkjedene kan vera skjulte eller synlege. Bronsefestene kan berre vera skjulte.

Kom innom Servicetorget. Der kan du både sjå og ta på dei/henga dei på deg om du vil. Dei må berre sjåast!!



Jon  
Rysstad  
med  
pro-  
dukta  
sine.

# På gjengrodde vegar og stiar


Reidar Alvestad

## Svingane – berre eit vagt minne

I mars-nummeret av Bokn Bygdablad hadde me ein artikkel om vegnettet i Bokn og korleis dette har endra seg det siste hundreåret.

Det som særleg gjorde transporten på øyane vanskeleg, var alle grindane, men også smale og svingete vegrar som gjorde at det var vanskeleg å passera ved møtande trafikk. Imidlertid var det få som hadde bilar,

Det var eit heilt prosjekt å stoppa opp for å lukka opp grinda, og ikkje minst å starta opp att. Vel gjennom grinda måtte ein igjen stoppa for å lukka grinda. Difor hadde sjåføren ofte med seg ein unggut som sto på stigbrettet på turen utover boknavegane. Oppover Svingane kunne Kristoffer då setja bilen i 1.gir og kjøra sakte oppover mot grinda, medan grindguten hoppa av og sprang føre og held grinda open. Etterpå var



På dette biletet frå Widerøe Flyveselskap frå rundt 1954, ser du Svingane i venstre kant som går oppover mot høgste punkt på sørssida av Boknafjellet. Deretter går traseen nedover mot Torland, Gunnarstad og Trosnavåg.

så det var ikkje ofte at ein traff andre kjøredoningar utanom hest og kjerre, eller motorsyklar då dei vart meir vanlege.

Vegen frå Føresvik og utover til Trosnavåg gjekk forbi Boknaberg og på sørssida av Boknafjellet over Vaulen, det høgste punktet sør for Boknafjellet. Frå Grytlå gjekk Svingane oppover mot Vaulen i 5 hårnåls-svingar. Med så stor stigning som det vart til toppen, trongst det krefter å kjøra opp den svingete vegen.

Før den 5. svingen på toppen, var det sjølvsagt ei grind. Dette var jo ikkje så praktisk for den tids lastebil fullasta med mjølkespann, grus eller anna tung last.

det lett å nå lastebilen att og hoppa opp på stigbrettet igjen, klar for neste grind.

Slettabakka som er bakken som ligg mellom Boknaberg og Bygdemuseet, hadde også på den tida ei grind i bakken.


## Ny veg

Etter mine undersøkingar, kom den nye vegen langs fjellet frå Boknaberg til Vaulen i bruk rundt 1965. Frå den tid har Svingane kome ut av bruk, og det er vaks opp ein svær granskog som gjer at du ikkje ser det gamle vegfaret i Svingane på avstand. Du må i tilfelle fylgja vegen oppover for å finna han att og sjå korleis

han gjekk.

## 1955

Me har hatt problem med å finna biletet frå Svingane. Difor etterlyste me nyleg dette i Bygdabladet, og Tordis Bø (tidlegare Alvestad) frå Randaberg var så vennleg å senda oss eit privat biletet frå 1955. Elles har me vore heldige. Me har fått tak i ein serie flyfoto frå 1952/54 som Widerøe Flyveselskap har tatt



Dette biletet er tatt ved den øverste sløyfa av Svingane. Det er Tordis Bø (f. Alvestad) med barna som er på vegen. I bakrunnen barndomsheimen hennar på Alvestad. Svingane snor seg nedover mot Boknabergsvatnet til krysset ved Grytlå, kor vegen kryssar Hålandsvegen som me ser litt av på biletet.


frå Bokn. Det er frå denne serien me fann biletet som du ser på 1. sida i denne artikkelen.

## Gamle minner

Eg synes det var flott å få tak i dei gamle bileta som viser korleis vegen gjekk før 1965. Det vekker nok gamle gamle minner for mang ein boknar. Sjølv hugsar eg godt at me i ung alder drog på sykkelturar utover mot Gunnarstad og andre stader på denne årstida då hasselnetene var modne. Då fekk me også oppleva fin natur, og var me heldige kunne me sjå både ekorn og røyskatt, ja kanskje også hare. Oter fanst også om me gjekk litt lengre. På vegen oppover Svingane måtte me ungane alltid innom Kalvahålå, ei naturleg hytte som naturen sjølv hadde laga ved at ein stor flat Stein står skrått støtta inntil ein annan, og utgjer eit naturleg lite "hus". Men før me kom så langt, passerte me Hekkanshålå ved Boknabergsvatnet. Det mangla ikkje på fantastiske historier me ungane vart fortalte om kva som var inni den. Ein katt hadde visstnok gått inn der, og kom ut att omtrent ved Borgenvik. Difor syns eg aldri det var noko stas å gå forbi her når det var mørkt. Eg syntes at det var noko mystisk med denne staden, og namnet gjorde det ikkje mindre skremmande.

I skulealderen sykla eg av og til aleine denne vegen. Eg hadde alltid ei forventning om at det skulle vera kort veg til toppen når eg såg 5. og siste siste sving mot Vaulen. Men ennå var det langt og bratt til eg kunne setja meg på sykkelen og renna nedover mot Torland. På Gunnarstad sette eg sykkelen og gjekk

vidare oppover til Stølen til Laurits og Hanna Trosnåvåg med fersk fisk. Laurits var bror til bestefar. Det var alltid like spennande å ta denne turen. Det var ei



Kalvahålå midt i biletet ligg på venstre sida av vegen rett etter første sving når du går oppover Svingane. Ein stor flat Stein kviler nedpå ein annan Stein, slik at det blir tak og vegg.

eiga stemning å koma til Stølen. Laurits hadde berre eitt auge, og hadde lapp over det han hadde mista. Hanna var dårlig til beins og gjekk med to stokkar. Det var kanskje ikkje mykje folk som tok turen heilt ut til Stølen, tross alt var det eit stykke å gå utanom allfarvei frå Gunnarstad, men dei var alltid like glade når me kom på besøk.

## Svingane i dag

Den nye vegen som kom i 1965 avløyste Svingane. Nå har granskogen dekka til, men sjølv vegen finn du ennå spora etter, sjølv om gras og mose har overtatt etter veggrusen. Det er nær lokalhistorie å syna oppveksande slekt korleis denne spesielle vegen var berre for rundt 35 år sidan. Boknabergsvatnet, Hekkanshålå, Grytlå, Slettabakka og det gamle ungdomshuset ligg også like i nærleiken, og har uttømelege kjelder av lokal historie i seg. Bygdeboka har nok litt av historia, og det som eventuelt manglar, kan vel få plass i ei ny kulturhistorisk bok som snart må koma.



Parti frå Svingane i dag. Tydeleg veg med krapp sving, men heilt tildekka av høg granskog.

# KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar er uteva -

## OKTOBER

- 25.: Bokn pensjonistforening
- 27.: Auksjon på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 27.: Dans – arr. BIL
- 28.: Turredning, arr - BORK
- 28.: Bispevisitas i Aksdal Kyrkje
- 30.: Opptak av nye meiser og ulveunger.  
arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
- 31.: Formannskapsmøte

## NOVEMBER

- 02.-
- 04.: Speidartroppstur til Vigdarheim
- 04.: Gudsteneste kl. 11.00
- 05.: Årsmøte i BORK
- 06.: Opptak av nye speidarar  
arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
- 08.: Bingo – arr. BIL
- 09.: Kulturkveld frå Per Sivle sitt liv, kl. 19.00  
- Bokn Bedehus
- 11.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 11.: NMS har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 17.-
- 18.: Seminar, Juniorkorpsset - arr. Bokn Musikkorps
- 18.: Gudsteneste kl. 15.00 – Fireårsbok
- 21.: Formannskapsmøte
- 22.: Årsmøte, Norsk helse– og sosialforbund, avd. Bokn/  
Tysvær - Allrommet kl. 19.00
- 23.: Sjømannsmisjonskveld kl. 19.00 - Bokn Bedehus
- 24.: Klubbkveld for ungdom
- 25.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30

- 25.: Turredning, arr - BORK

- 28.: Adventverksted, allrommet kl. 19.30.  
Arr. Bokn Hagelag
- 28.: Formannskapsmøte
- 29.: Bokn pensjonistforening
- 30.: Blå Kors/ABR-senteret har møte kl.19.30 på Bokn Bedehus

## DESEMBER

- 02.: Julemesse på Arskroen
- 02.: Julegranstunning/fakkeltog, start i gymsalen kl. 16.30  
Arr. Røde Kors, Musikkorpsset og Speidarane
- 02.: Lysmesse i Bokn Kyrkje kl. 19.00  
arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1.KFUK
- 03.: Jul i Stallen, arr - BORK
- 04.: Juleavslutning for speidarane og Ulv/Meis  
arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
- 05.: Normisjonen har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 07.: Madagaskarkveld kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 09.: Luciafest på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 11.: Juleverkstad, allrommet kl.19.30.  
Arr. Bokn Hagelag
- 12.: Kommunestyremøte
- 13.: Julekonsert i kyrkja med Hanne Krogh - sjå siste s.
- 16.: Gudsteneste kl. 11.00
- 16.: Juletrefest – Sundagsskulen kl 15.00 – Bokn Bedehus
- 24.: Gudsteneste kl. 14.00
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00
- 27.: Juletrefest – Bedehuset
- 29.: Juletrefest – Frelsesarmeene
- 31.: Gudsteneste kl. 16.00

## Er Hognaland kommunale kai ein "panteautomat" for tyske turistar?



Bokn kommune vil be om at hytteeigarane tar ansvar og skjerpar seg når det gjeld å informera kundene sine om renovasjonsordningane i kommunen.



Tydelege spor etter tyskarar: Både på kaien og i sjøen flyt det tomme ølboksar ( Berliner Pilsner ). I bossekkane ligg m.a. tyske aviser, tysk hermetikk og div anna matspor etter tyske turistar. Og lesarane kan vel tenka seg stanken....

# MINNEORD

Magnhild Øvrebø vart fødd 04.05.18 i Kro på Austre Bokn. Foreldra var Bertil og Berta Bjørnsen Våga. Ho var nr. fire i ein søskensflokk på fire.



Magnhild mista mora då ho var berre 10 år gammal. Ei stund hadde ho huspost i Stavanger. Magnhild jobba og ei tid på hermetikkfabrikken i Foresvik. Ho vart gift med Leif Øvrebø i 1953.

Dei budde på Øvrebø der ho var husmor og deltok i arbeidet på garden. Dei fekk to søner, men den eine av dei, Magnar, døydde då han var berre sju år gammal. Ho likte å stella med blomar og å løysa kryssord.

Magnhild var omsorgsfull. Ho hadde godt humør og likte seg best heime. Dei tre barnebarna var ho svært glad i.

Magnhild etterlet seg son, svigerdotter og tre barnebarn.



## BOKN IDRETTSLAG INFORMERER

[www.n3sport.no/il/bokn](http://www.n3sport.no/il/bokn)

### Regy-cupen

Fotballgutane Vegard, Henrik, Daniel, Wolfgang, Lars Andre, Hans, Odd Kenneth, Kjetil og Andrej har spelt i Regy-cupen i regi av Haugar fotballklubb. Resultata var kanskje ikkje heilt på topp, men det blei spelt mykje bra fotball likevel. Håpar alle sit igjen med mange gode minner og erfaringar, me hadde det jo gøy tross alt. Ein god heiagjeng med familiar og Falkeids gute-lag var og gode å ha. Søndag hadde me oss middag på Peppes pizza og det blei delt ut fine medaljar og diplomar til alle.

Flott at så mange foreldre og sysken kunne vera med begge dagane.

### Klubbhus

Me jobbar mykje med saka. Me har fått inn ulike tilbod og har kome fram til eitt som er mest aktuelt. Dette vil bli levert inn til teknisk for gjennomgang og godkjenning. Deretter vil me kalla inn til ekstraordinert årsmøte for å presentera vårt arbeid med denne saka.

### A-laget

Ein sesong med mager poengjakt er slutt. Likevel er det fleire positive ting å seia om sesongen. Fleire ung-gutar har debutert for laget og gjort dette med ein glimrande innsats. Enkelte av "gamlekara" har bitt seg merke i dette og håpar at utviklinga held fram. Tilskodarane har vore trufaste, og det er gledelig at engasjementet er så stort!! Sjølv om resultata ikkje alltid bikka vår veg har det ikke mangla på sjølvironi

hos både publikum og spelarar. A-laget takkar for støtta i frå sidelinja. Uansett vår har dei vore ein trufast heiagjeng.

### Fotball og barnetrim

Tusen takk til alle trenarar, oppmenn og foreldre som stiller opp for ungane og laget. Avslutning for dei forskjelle ge gruppene i idrettslaget er ikkje datofesta endå.

**Volleyball for vaksne** er starta opp igjen. Onsdagar kl. 20.00

**PS! Aerobic-treninga** er kun på tysdagar 21.00-22.00 Vel møtt!

**NB ! Dans** laurdag 27. oktober, same dag som auksjonen til musikkorpset. "Dann & Vann" frå Stavanger spelar opp.

### Førjulsbingo

Hugs årets siste bingo 8. november.

Styret





# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

## LESETIPS FOR VAKSNE:

- \* Brekke, Toril:  
Sara
- \* Bruheim, Magnhild:  
Svart arv
- \* Christensen, Lars Saabye:  
Halvbroren
- \* Hansen, Erik Fosens:  
Underveis  
Et portrett av Prinsesse Martha Louise
- \* Haakon og Mette Marit og andre kongelige
- \* Møller, Arvid:  
Julie Prøysen – fra legdunge til.....



## VIDEO

PÅ BIBLIOTEKET KAN DU  
LÅNA BARNE-OG FAMILIEFILMAR  
GRATIS!

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 – 13.30

ONSDAG : 16.00 – 19.00

TORSDAG : 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no

## BARN OG UNGDOM:

- \* Småskumle grøss
- \* Leer-Salvesen, Paul:  
Fy Fabian
- \* Nyhus, Svein:  
Lille Lu og trollmannen Bulibar
- \* Ustad, Willy:  
Vokternes kamp
- \* Ragde, Anne B.  
Biografien om Sigrid Undset



VELKOMMEN TIL Å BRUKA  
INTERNETT PÅ BIBLIOTEKET.  
HER KAN DU FÅ INFORMASJON  
FRÅ HEILE VERDA.

## LÅNETID

VIDEO : 1 VEKE

TIDSSKRIFTER : 2 veker

BØKER : 4 veker

# Til Madagaskar på misjonsreise 1. - 16. oktober

26. september var eg på eit koseleg kaffi-besøk hos Karen Hetland. Det vil seia, det var ikkje akkurat eit vanlig kaffebesøk. Familien til Karen Hetland hadde laga til eit lite avskjedsselskap for Karen, som snart skulle reisa til Madagaskar.

Ho seier ho har gleda seg lenge til dette, som er den andre utanlandsreisa hennar. Sist ho reiste var med Sireiser på blomstringstur til Holland.

Mora til Karen, Ingeborg Are ( død -82 ) hadde i alle år støtta og bedt for misjonærane til misjonsselskapet der



Avskjedsselskap, fv. barnebarnet Gabriel, systera Borghild Are, Karen, Ingunn Are, Klaus Muff og Mathias Are.

nede. Karen har hørt mora si fortelja om Madagaskar frå ho var liten. Og nå i ein alder av snart 74 år, ( som ho forøvrig skal feira der nede 11. oktober ) skal ho få sjå og oppleva dei plassane som ho har hørt om fra barndommen.



Karen Hetland til Madagaskar, 74 år gammal.


- Eg las i Misjonstidene og så at det skulle vera tur til Madagaskar. Då slo tanken meg. Eg sa til meg sjølv, nå har du høve til å reisa. Karen fortel vidare at sonen oppfordra henne til å melde seg på og reisa.

- Eg gler meg spesielt til å sjå arbeidet og treffa dei kristne på Madagaskar som er vunne for Jesus gjennom utsende misjonærer frå Noreg. Me skal besøka fleire misjonsstasjoner, og kjem til å reisa ein del rundt, seier Karen.

Klaus Muff, reiseleiaren på Hollandsturen kom også innom i døra denne dagen, på veg vidare til Stavanger. Han hadde lyst til å ynskja henne god tur. Muff ville gi henne eit "reiseord" på vegen. Det var frå 5. mosebok kap. 31 vers 8:

"Herren han som drar foran deg, han skal være med deg - han skal ikke slippe deg og ikke forlate deg. Du skal ikke frykte og ikke være motløs".


Bygdabladet vil også ta seg ein prat med Karen når ho kjem att.



Bokn Båtforening har nå planert og støpt i opptrekkene i Alvestadkroken og Foresvik. De er til allment bruk. For båter på tilhenger er opptrekket i Foresvik best egnet. Vi henstiller til brukerne om å holde orden i opptrekkene. Husk fare for skader på båter som ligger "rett" veg når de blir fylt med regnvann eller springfloen løfter de opp.



Trond Vatnaland



## Informasjon frå legekontoret

### Influensavaksine

Vi startar vaksinering mot influensa frå og med 1. november, og ber dykk nyttja legekontoret sine opningstider mandag og torsdag til å få utført dette. Den beste tida er mellom kl.12.00 og 14.00.

Prisen i år er kr.115,- for dei som tilhører risiko-gruppa, d.v.s. dei som på grunn av kronisk sjukdom og/eller høg alder har varig nedsett helsetilstand og auka risiko for alvorlege komplikasjonar.

Dei som har time hos legen og får sett vaksinen samtidig, betalar kr.55,- i tillegg til vanleg konsulasjonspris.

### Bestilte legetimar

Hugs å avbestille legetimen om du ikkje kan eller treng å bruka den!

Ved å la være å avbestille timen, hindrar ein andre pasientar i å få legetime.

Legekontoret vil heretter sende rekning til dei som har bestilt legetime utan å møte opp til konsultasjonen.



# Positiv ungdom på Bokn!

Tekst: May Jorunn Vatnaland - foto: Trond Vatnaland

**H**ar du vore på naturstien i det siste? Har du sett så fint det er blitt? Det kan me takka positive ungdommar for.


Patruljeførarar og assistenter i Speidartroppen på Bokn hadde kvisting av naturstien som ei oppgåve i august. Det var ifølge leiaren ingen lett jobb. Dei begynte klokka 18.00 og heldt på til 21.30, då var det blitt mørkt så då måtte dei gi seg. Men så blei det bra og....

**N**å kan du sleppa å gå i sikk sakk for å ikkje bli piska av greiner. Det går til og med an å gå to og to ved sida av kvarandre - hand i hand om du vil..

Før var det berre plass til ein i bredden.


**S**å positiv ungdom finst det masse av på Bokn, takk for KJEMPEINNSATS!

**D**et som gjenstår nå er grusing av stien, det trengs sårt enkelte plassar. Kraftig regnvær i det siste har laga nye vegar i grusen. Det blir for tungt for speiderane å gruslegga stien. Her må det kjøras ut lass...



# Tusenårsplassen i bruk

Jardar Havikbotn



Venevil brukte dei kunstneriske evnene sine og fortalte eventyret "Kjerringa mot straumen".

Småskuleteamet på skulen vil takka Leif og Venevil, og ikkje minst Gro i Servicetorget for den flotte opninga av prosjektvekene deira!

19. oktober var ein nydeleg haustmorgen. Under kvernhuset på Tusenårsplassen sat kvernknunnen og skulte rundt seg. Han var uroleg for alle lydane rundt seg. Oppe i huset gjekk Leif Vathaland og gjorde klar kvednå til maling. Venevil Birkelund spela på tyssefløyte medan bekken akkompagnerte med kluukking og brusing.

Så kom 1. - 4. kl. og song songen om "Kvednabekken". Kvernknunnen måtte berre opp og helsa på ungane, til stor begeistring ( og litt skepsis ).

Leif "sette på" vatnet og puljevis fekk elevane sjå korleis dei mol mjøl i gamle dagar, med korn som var att frå opninga av huset i fjor haust. Det blei ein bærepose med mjøl, som dei m.a. skal laga flatbrød med seinare i det to veker lange Kvednabekk-prosjektet.



## FRIMINUTT

å ligge  
i  
en blomstereng  
en sommerdag  
solens  
skinner  
en bris  
leker  
trekker  
med seg  
små  
skygger  
fra et  
himmelsslør  
som ikke  
er synlig  
der  
det  
farer forbi  
solens

over  
den  
svake  
rislingen  
fra  
strå  
og  
blomster  
høres  
insektene  
der  
de flyr  
og kravler  
fra blomst...  
til blomst.

du hører  
nesten  
blomstenes  
fargeskrift  
der de  
roper  
meg  
meg  
kom til  
meg

et strå  
trekkes  
tygges  
den søte  
smaken  
sprek seg  
i munnen  
hodet  
hviler  
så lett  
uten tanker  
som tynger  
en sommer  
i blomsterland

Kjetil Hamre

# COOP BOKN

- Dagligvarer • Bensin—Diesel
- Medisinutsalg • Driftsmidler
- Postfilial • Bank i butikk



COOP  
marked



## Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Me formidler båring og skyting.
- Levering av rør og kummer.



A. OLUFSEN  
SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-  
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-  
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP



## Val av sokneråd i Bokn sokn 14. oktober 2001



**Resultatet av valet er nå klart.  
Dei som vart valde er:**

Solveig Våga  
Eva Moi  
Sigvert Våga  
Bjørn Erik Gundersen  
May Jorunn Vatnaland  
Bernard Våge

**Varamedlemmer:**  
Birger Lindanger  
Egil Ognøy  
Lillian Grønnestad  
Reidar Alvestad  
Ingrid Jøsang

Helsing  
Bokn sokneråd

*Hjertelig takk for all deltagelse og blomster ved  
Magnhild Øvrebø's bortgang.*

*En spesiell takk til personalet ved Bokn  
sjukestove.*

Bernt m/familie

**BOKN FYSIOTERAPI**  
Tysdag og onsdag  
og helgene i partalveker.  
Direktenr. 52 75 25 33  
Ta kontakt for avtale.  
Geir Austvik  
fysioterapeut

**LIKNINGSKONTORET**  
Kontordagar i Bokn  
tysdag og torsdag  
kl. 08.00 – 15.00  
Tlf. 815 32 666  
( skatteetaten )  
Måndag, onsdag og  
fredag kontordagar ved  
Tysvær liknings- og  
folkeregister i Aksdal  
kl. 08.00 – 15.00  
Gaute Kro  
likningssjef i Bokn

**FOTTERAPI**  
kvar onsdag på legekontoret  
kl. 09.00 – 14.00  
Første mandagen i kvar mnd.  
kl. 15.30 - 18.30  
For påmelding, tlf. 52 74 84 79  
Rita Jensen - fotterapeut

**TRYGDEKONTORET**  
Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30  
Tlf. 52 75 21 50  
Fax. 52 75 21 51  
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.  
Ragnhild Ognøy: linjenr. 150  
Ingunn Sunde: linjenr. 152  
Ingunn Sunde  
trygdesjef

Austre Bokn - mot Våga



# HÅRSMIÅ



**NYOPPDATERT I  
HØSTENS MØTER**

*Kom innom eller ring  
for timebestilling  
52748647 - 99037203*

*Fører Goldwell og Hair  
Collection produkter*

Mona Våga



**BOKN KOMMUNE**  
5561 BOKN

## Små leiligheter til leige

Bokn kommune har fylgjande små leiligheter til leige:

- 1 ungdomsbustad med 2 soverom
- 2 mindre hybelleiligheter fra 1. oktober

Søknad sendast Bokn kommune snarast.

**SONETERAPI/NATURMEDISIN**  
ope etter avtale  
på fysioterapirommet.

Timebestilling:  
52 74 86 11

Jorid Vea  
heilpraktikar

**LANDBRUKSKONTORET**  
Kvar torsdag kontordag i  
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.


Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må  
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i  
Tysvær andre vekedagar,  
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset  
jordbruksjef

Til ære for fotografen: May J. Vatnaland, Bjørg Bokneberg og Reidar Alvestad kosar seg med kake, og i eit anna rom var det "utstilling".



## SR-Bank 25 år!

SR-Bank`s 25 års jubileum ble markert med kake og kaffi i alle bankens lokaler 1 oktober 2001. Ordfører og medlem i representantskapet var denne dag på jubileumsmiddag med bankens ledelse.

**Kan en spareavtale i  
ODIN oppfylle  
drømmene dine?**

Stadig flere velger spareavtaler i ODIN aksjefond. Kr 500,- i måneden kan fort vokse til det du drømmer om...

Stikk innom banken  
og sett opp en  
spareavtale  
i dag.

**ODIN**   
**Global** FRANKLIN TEMPLETON INVESTMENTS

Snakk sparing med noen som kjenner deg

SpareBank 1 SR-Bank



# LÅTT OG LØYE

## med Vegar Våge



HA HA HA

- Hvorfor kom du ikke på firmaets sommerfest!

- Min kone syntes ikke at jeg hadde lyst.

Knut ko hjem fra skolen og skrøt uhemmet til sin far:

- I dag scoret jeg mål i fotballkampen.
- Bra! Og hva ble resultatet?
- 1-0 til de andre....

- Et fugleskremselet ditt bra?  
- ja, det skal jeg si deg, fuglene er så skremt at de kommer tilbake med kornet de stjal i forrige uke.

Eva kastet seg om halsen på Per og utbrøt:  
- Elskede! Dette er den flotteste forlovelsesringen jeg noen gang har fått!

En meget ung mann kommer inn i n'r butikken i en bygd i Østerdalen, går bort til ekspeditøren og hvisker:  
- Jeg skal ha femten kilo sukker og to kilo gjær. Pappa skal bake.



- Jeg har fått en sønn som ligner sin far på en prikk. begge skriker når jeg tar fra dem flasken.

- Mor, mor, han slemme gutten ødela dukken min.

- Hvordan gjorde han det?

- Jeg slo han i hodet med den.

- Alkoholen har ødelagt hjemmet vårt.  
- Mener du at din mann drikker?  
- Nei, hjemmebrent apparatet eksploderte.

- Kelner kan jeg få en ren skje?  
- Hysj, ikke rop så høyt. Da skal alle ha. . .



- Hvorfor fikk du bot?  
- Jeg kjørte for sakte.

- Man får vel ikke bot for å kjøre for sakte.


- Jo, hadde jeg kjørt raskere, ville de aldri fått tak i meg.



I svenske rundkjøringer står  
det:  
Maks tre runder!

HO HO HO

Sønnen: Pappa, jeg har en god nyhet.  
Husker du at jeg skulle få en bilbane om jeg fikk bedre karakterer en i fjor?  
Vel, de pengene sparte du.



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
98 22 15 01			
52 75 25 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
98 22 15 02			
52 75 25 03	Ordførar	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
91 35 40 82	Tysdag – ring på førehand		
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
98 22 15 04			
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
98 22 15 05			
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Svein Erik Larsen	sveinerikL@bokn.kommune.no
52 75 25 09	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
99 53 19 35			
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
98 22 15 08			
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorense@bokn.kommune.no
52 75 25 12	Barne– og ungdomsarbeidar Tysdag 08.00 - 13.00 i partalsveker	Ann Kristin Grønnestad	agroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekodt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktsentralen		
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
98 22 15 03			
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helhestasjon <u>torsd.</u> 08.30 - 12.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
93 41 54 40	Tysdag/ <u>torsdag</u> 08.30 – 15.30		
52 75 25 50	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51	Rektor	Ingjerd Thuestad	ithuestad@bokn.kommune.no
98 22 15 11			
52 75 25 13	Barnevernleiar	Eva Moi	emoi@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Tysdag, og etter avtale		
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor	Anita Knutsen	

Er du interessert i  
bredbånd?

Hastigheter opp til 2 Mbit  
Kan snart tilbys på Bokn. Det avhenger av deg!



Ta kontakt med Øyvind  
eller Viggo på tlf.  
52 70 56 70 eller  
98 60 62 70

## Høy til salgs

Tlf. 91 61 29 05 (dagtid )  
52 74 86 33 (e. kl. 17.00)

### Tysvær Lions

Velkommen til pensjonisttreff på Boknatun i Foresvik  
Tysvær Lions inviterer pensjonister i Tysvær og Bokn  
til høstens pensjonisttreff den 10. november 2001  
kl.15.00 på Bokn.

Det blir gratis servering av middag, kaffe og kaker.  
På programmet ellers står sang og musikk, loddsgalg,  
et sangkor fra Bokn vil underholde og Sigmar Mhyre  
vil fortelle historier fra "gamle dager"

På grunn av lokalets størrelse er vi nødt til å  
begrense gjestetallet til 75 personer. Lokalet er  
tilgjengelig for rullestolbruker.

Påmelding til Hans Faye tlf. 52 74 84 55 eller til  
Andreas Vågen på tlf. 72 77 56 69 innen den  
03.11.2001

Hilsen for Tysvær Lions  
Hans Faye, president

### Renholdsmedarbeidere søker

Vi søker renholdsmedarbeidere til ferjene i  
sambandet Mortavika – Arsvågen.

Det er ledig både deltids- og heltidsstillinger.  
Vi er også interessert i å knytte til oss vikarer.

Avløsningssted: Arsvågen/Mortavika.  
Arbeidssted: MF "Masfjord", MF "Rennesøy"  
og MF "Boknafjord".

Lønn etter tariff.

Har du behov for mer informasjon,  
kontakt mannskapskontoret, tlf. 51 86 87 23/24.

Søknad bes sendt snarest til

Rogaland Trafikselskap,  
Postboks 7045, sentrum,  
4004 STAVANGER.

Med vennlig hilsen  
ROGALAND TRAFIKKSELSKAP

# BOKN BYGDABLAAD

## UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post : jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

## BYGDABLAADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

## REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

## REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

## ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

## ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

## FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

## BLADET KJEM UT

10 gonger i året

## STORT FORSIDEBILDE

Opning av skuleprosjektet "Kvednabekken"  
19.10.01

Foto: Jardar Havikbotn

## TILBUD

### STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,

4150 Rennesøy

51 72 32 87

946 70 873

# Hanne syng jula inn i kyrkja!

- bygda er klar for ny kjempeoppleving 13. desember -

Jardar Havikbotn

## Saman med barnekoret

Andre torsdag i desember skjer det som me ikkje fekk til då Bokn barnekor hadde glansdagane sine i siste halvdel av 1980-talet. Dagens barnekor skal få synga jula inn



Hanne og  
Anne Tove  
syng for folk  
ved sjuke-  
stova  
18.03.00

Den gong song Anne Tove Øvrebø i barnekoret. På Luciadagen i år vil ho vera med i kyrkja, nettopp saman med Hanne. Det var 18. mars i fjor, under den store jubileumsfesten til Bokn kommune, dei var her sist. Det er noko dei fleste boknarar hugsar svært godt, også Tina B. Høyland, som fekk selskap av Hanne då ho framførde Tusenårssongen for ein svært fullstappa gymsal.



Hanne og  
Tina "bak  
scenen" på  
skulen  
18.03.00

## Stort barnekor

Tina er blant 28 tidlegare barnekormedlemmer som har fått invitasjon til å vera med og støtta opp om dette prosjektet, og Tina har sjølv sagt meldt seg på. Det har også fleire gjort, og i tillegg til dei 20 som syng i koret i dag skal det nok bli gode barnerøyster i desember.

## Blandakor

Det medverkar også vaksenkor på konserten, og sidan det ikkje er slikt kor i Bokn for tida skal haugesundskoret "Voice Of Joy" vera med. Dette koret er vanleg å bruka for Hanne når juleturneen hennar er på Haugalandet, og me gler oss til å høyra dette flotte koret!

## Stappfull kyrkje

Det er venta at ingen plassar vil vera ledige i

kyrkja denne kvelden, og alle som vil får sikkert ikkje billett. Men dersom dette kostbare prosjektet blir ein suksess, skal ein ikkje sjå bort i frå at dette blir ein årleg tradisjon. Ingenting hadde vore betre.

## Forhåndssal i Servicetorget

I skrivande stund er det litt uklart kor mange plassbillettar me skal selja, og kva billettprisane blir. Det som er klart er at forhåndssalet startar 12. november. **Meir informasjon kjem snart i posten, og på plakatane som snart blir hengde opp.**

Det er ikkje mange, om nokon, som syng dei kjente og kjære julesongane våre så flott som Hanne Krogh. Når ho i tillegg får sjarmerande amatørrøyster med seg på ein julekonsert i ei kyrkje, ja, då får du garantert med deg noko som verkeleg rører i sjela di!

Det er nesten ikkje nødvendig å seia at Hanne og Anne Tove gler seg til dette gjensynet. Gjensynsgleda er gjensidig!



Hanne syng jula inn saman med barn frå Bokn 13. desember.